

Møtte kronprisen

For første gong er Telemark samla representert på oljemes- sa ONS i Stavanger. Også bøbedrifter er til stades på messa denne veka, og måndag valte Kronprins Håkon, olje- og energiministeren og Stavangers ordførar å besøke Telemark-standen. Når forhandlingane er slutt på messeom- rådet, har telemarkbedriftene ein eigen paviljong i

Vågen i Stavanger sentrum, der møte og forhandlingar fort- set. Her serverer Dyrskun lokalmat med dei beste råvarer frå Telemark, Fjellbryggeriet fra Åmotsdal er representert og musikalske opplevingar sørger Pål Flaata og Gøran Grini for.

Alle foto: Visit Telemark



før jul



Kraftig møtekollisjon. Det var eit kraftig samanstyrt i den alvorlege bilulykka på Lundevegen måndag.

Omkom på Lundevegen

Bilulykka på Lundevegen måndag fekk eit svært alvorleg utfall. Ei kvinne i mid- ten av 60-åra frå Nome omkom.

Øystein Akselberg
oystein@boblad.no – tlf 906 38 453

Det var måndag ettermiddag klokka 14.44 at politiet mottok melding om ei trafikkulykke på Lundevegen. To bilar frontkolliderte omlag to hundre meter bortanfor innkøringa til barnehagane på høgskuleområdet.

Dødsulykke

Nødetatane rykte ut med mykje personell og det var tidleg klart at det dreide seg om ei svært alvorleg ulykke. Vitne har opplyst til politiet at bilane kom frå kvar si retning langs Lundevegen og kolliderte front

mot front.

Klokka 15.30 gjekk det ut melding frå lege på staden som stadfesta at førar av den eine bilen var omkomme. Det var rekvirert luftambulans til staden, men denne blei avbestilt.

Politiet stadfestar at den omkomne er den 65 år gamle Anne-Karin Heglund frå Nome.

Føraren av den andre bilen, ein mann i 60-åra heimehøy- rande i Tinn, blei sendt til lege- vakt og vidare til Notodden sju- kehus. Politiet opplyser at det dreiar seg om moderate skadar for mannen.

Frontkollisjon

Politiet starta med ein gong avhør av vitne til trafikkulyk- ka, og føretok også rutinemessi- ge kriminaltekniske undersø- kingar på staden saman med Biltilsynet si ulykkesgruppe.

Politiet sa tidleg at dei fann

spor på staden som tyder på at den eine bilen har kome over i motsett køyrebane. Dette blei også stadfesta av vitna.

Kvinna kom køyrande frå Lunde, medan mannen kom mottsett veg frå Bø.

Trafikkproblem

Etter kollisjonen snurra bilen til kvinna 180 grader rundt og blei ståande i køyrebane, medan den andre bilen stod på tvers delvis opp på gangvegen.

Det blei store trafikkale pro- blem som følgje av at Lundevegen blei stengt for tra- fikk ein lengre periode. Trafikk blei dirigert av politiet i Stasjonsvegen på Bø-sida med beskjed om mogleg omkøy- ring via Kyrkjevegen. Det blei meldt om stor trafikk på den heller smale vegen frå kyrkja til Lundevegen.

identitet. Ein del av dei fram- møtte meiner at identitet ikkje er knytt til kommunar, men til stader, og ungdommen er ikkje så opptekne av å behalde kommu- nane som dei er slik som mange i aldersgruppa 50+ er.

– Dei fleste av dei som tek avgjerda er 50+, men me bestemmer for dei som er 50-. Det skal me hugse på, sa ordførar i Bø, Olav Kasland.

Det vart også stilt spørsmål om ein tør ta dette opp i den komande

valkampen og programma som skal skrivast. Men blir det eit pro- testval mot det dei sitjande politi- karane har gjort, så blir det veldig kort tid for dei påtroppande å gjere noko, i alle fall dersom dei skal vere i første pulje ut. Der skal dei politiske vedtaka ver fatta før 2015 er over, det vil seie om eitt år og fire månader.

OPPHØRSSALG

Alle varer! **30%-70%** Alt skal vekk!



Mestergull

Åpningstider: Mandag - fredag: 09 -19
Lørdag: 10 - 16

BØGATA • SØNSTEBØTUNET • BØ
tlf.: 35 95 01 75 • bogata@mestergull.no